

## Styret i Helse Møre og Romsdal HF

**Møtestad:** Ålesund - Styrerom adm.bygg

**Dato:** 16.06.2021

**Tidspunkt:** 10:00 - 15:00

### Til stades:

Namn

Varamedlem for

Ingve Theodorsen

Lodve Solholm

Sigurd Torvik Heian (Skype)

Hilde Furnes Johannessen

Gerd Marit Langøy

Toril Forbord

Bjarne Storset

Anette Lekve

### Frå administrasjonen møtte:

Namn

Stilling

Øyvind Bakke

Administrerende direktør

Heide Nilsen

Viseadministrerende direktør

Torstein Hole

Fagdirektør

May Helen Molvær Grimstad

Kommunikasjonsdirektør

Marianne Ensby Gravem

Utvallssekretær

Ingrid Fiskerstrand

Aministrasjonsrådgiver

### Frå brukarutvalet møtte:

Paula Næss Skår - leiar

Ann Helene Skare - nestleiar

### Merknad i møte:

## SAKLISTE

<b>Sak nr.</b>	<b>Tittel</b>
54/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
55/21	Orientering frå administrerende direktør
56/21	Orienteringssak - SNR
57/21	Ungdomsrådets halvtime
58/21	Referatsaker - utan saksframlegg
59/21	Statusrapport 1. tertial 2021 - kvalitet, økonomi, aktivitet og gyldne regel
60/21	Langtidsbudsjett 2022-2032
61/21	Orientering om AIO
62/21	Orientering om finansieringsmodell prehospitala tenester
63/21	Statusrapport - Strategi og handlingsplan for kvalitet og pasienttryggleik 2020-2023

## **54/21 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 54/2021 i møte den 16.06.2021

### **Behandling**

Styreleiar viser til sak 56/19 i styremøtet 25. september 2019, der styret ba administrasjonen om ei konsekvensvurdering knytt til traumetilbodet ved Volda sjukehus. Administrerende direktør ønskjer å gi styret ei orientering om ei ny vurdering av dette tilbodet og ber styret om aksept for at sak 56/19 følgjast opp på denne måten. Styret aksepterer at orienteringa blir gitt som ein del av AD si orientering til styret i sak 55/21.

### **Vedtak**

Styret i Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og sakliste.

## **55/21 Orientering frå administrerende direktør**

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 55/2021 i møte den 16.06.2021

### **Behandling**

Styret fekk ei orientering frå administrerende direktør Øyvind Bakke om følgjande saker:

- Traumefunksjon ved Volda sjukehus - utvida orientering knytt til sak 56/19
- Vaksinerings/covid-19
- Fødetilbodet i Helse Møre og Romsdal i sommar
  - Utfordringar med å dekke vakter med jordmødre - ei utfordring også andre stadar i landet
  - Estimert mange fødsjar i august
  - Volda har god kontroll på vaktberedskap for både jordmødre og gynekologar
  - Ålesund har utlyst fleire ledige stillingar for jordmor
  - orientering om to hendingar med dødsfall av baby under fødsel som no er ferdigbehandla av Statsforvaltaren og konkludert. Orientering om iverksetting av tiltak ved fødetilbodet i Nordmøre og Romsdal.
  - Status knytta til gjenåpning fødeavdelinga ved Kristiansund sjukehus
- Ventetider i Helse Møre og Romsdal
- Digital avstandsoppfølging BUP
- Ny CT i Kristiansund
- Nytt pasienttilbod- seinskadar covid-19
- Ortopeditilbodet ved Kristiansund sjukehus - kapsel-kirurgi skulder og sjelden handkirurgikompetanse
- Utandørs Pusterom-tilbod ved Ålesund sjukehus

- Viktige milepæler i SNR-prosjektet
- AD har hospitert ved medisinsk sengepost B ved Molde sjukehus
- AD har hospitert ved TSB ved både poliklinikk i Molde og ved døgntilbodet i Molde

#### **Vedtak**

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa frå administrerande direktør til vitende.

#### **56/21 Orienteringssak - SNR**

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 56/2021 i møte den 16.06.2021

#### **Behandling**

Styret fekk ei orientering om status for prosjekt Sjukehuset Nordmøre og Romsdal frå viseadministrerande direktør Heidi Nilsen. Kommande laurdag 19. juni vil statsminister Erna Solberg kome og leggje ned grunnsteinen på Hjelset.

#### **Vedtak**

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende.

#### **57/21 Ungdomsrådets halvtime**

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 57/2021 i møte den 16.06.2021

#### **Behandling**

Styret fekk ein presentasjon av ungdomsrådet av leiar og nestleiar i ungdomsrådet. Kommunikasjonsdirektør May Helen Molvær Grimstad intervjuet leiar Viktoria Sporsheim og nestleiar Benjamin Vågen. Kven er dei, kva bakgrunn har dei og kva jobbar dei med i ungdomsrådet. Dei er involvert i mange prosjekt og utval. Dei er engasjerte i til dømes overgangane frå ungdom til vaksen i helsetenestane, digitalisering av helsetenesta, avstandsoppfølging før og under pandemien, barn som pårørnde og trivselssykepleier i Kristiansund. Ungdomane er også oppteken av skule og tilrettelegging. Dei ønskjer å kome ut til skulane og informere, og jobbe med å lage små filmar om viktige tema.

Ungdomsrådet har forventningar om å bli sett av helseføretaket, blir inkludert i arbeidet i klinikkane og blir invitert til relevante møter. Dei ønskjer å ble mye meir involvert og inkludert.

#### **Vedtak**

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa frå ungdomsrådet til vitende.

## **58/21 Referatsaker - utan saksframlegg**

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 58/2021 i møte den 16.06.2021

### **Behandling**

Styreleiar leste opp referatsakene:

- Referat frå ungdomsrådet
- Protokoll frå AMU
- Protokoll frå brukarutvalet

*Ingen vedtak*

## **59/21 Statusrapport 1. tertial 2021 - kvalitet, økonomi, aktivitet og gyldne regel**

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 59/2021 i møte den 16.06.2021

### **Behandling**

Styret fekk ei orientering om ventetider, fristbrot, strykingar av operasjonar, helsetenesteassosierte infeksjonar og antibiotikabruk, samt digitale konsultasjonar av fagdirektør Torstein Hole.

Økonomidirektør Trine Sperre ga styret ei orientering om økonomistatus frå 1. tertial 2021 i tillegg til munnleg orientering om tal frå mai 2021. Styret fekk presentert ei analyse av netto og brutto årsverk i HMR 2016-2021 frå controllar Eivind Monsås.

Kommunikasjonsdirektør May Helen Molvær Grimstad orienterte styret om status for utskrivingsklare pasientar per mai 2021.

### **Vedtak**

Styret i Helse Møre og Romsdal tek statusrapport 1. tertial 2021 til vitende.

## **60/21 Langtidsbudsjett 2022-2032**

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 60/2021 i møte den 16.06.2021

### **Behandling**

Styret fekk ei orientering om LTB 2022-2032 av økonomidirektør Trine Sperre.

### **Vedtak**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal vedtar langtidsbudsjettet for 2022-2032 slik det er beskrevet i saka
2. Styret for Helse Møre og Romsdal vedtar eit resultatkrav på 19 mill i 2022.

### **61/21 Orientering om AIO**

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 61/2021 i møte den 16.06.2021

#### **Behandling**

Styret fekk ei orientering om status på Akutt-Intensiv-Operasjon-prosjektet av prosjektleiar Anne Flo og viseadministrerande direktør Heidi Nilsen.

#### **Vedtak**

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende

### **62/21 Orientering om finansieringsmodell prehospitala tenester**

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 62/2021 i møte den 16.06.2021

#### **Behandling**

Styret fekk ei orientering om finansieringsmodell for prehospitala tenester i Helse Midt-Norge av klinikksjef for prehospitala tenester Lars Erik Sjømæling og viseadministrerande direktør Heidi Nilsen. Sjømæling orienterte om nokre av dei ulike faktorane som påverker kostnader og drift av ambulansetenesta som til dømes tettstadsflater, responstid og nasjonale tilrådingar.

Styret ønskjer ei styresak på eit seinare tidspunkt om utfordringsbiletet til dei prehospitala tenestene.

#### **Vedtak**

Styret for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende.

### **63/21 Statusrapport - Strategi og handlingsplan for kvalitet og pasienttryggleik 2020-2023**

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 63/2021 i møte den 16.06.2021

#### **Behandling**

Styret fekk ei orientering om strategi og handlingsplan for kvalitet og pasienttryggleik 2020-2023, til dømes ulike målsettingar for arbeidet og plan for aktuelle milepælar, av fagdirektør Torstein Hole.

#### **Vedtak**

1. Styret tar statusrapporten til vitende, og ber om at tiltaka i strategien får ytterlegare merksemd for å redusere talet på pasientskadar og forbetre pasienttryggleiks-kulturen i HMR HF
2. Styret ber om å verte orientert årleg om vidare implementering av planen.